



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Dagny Alvik
Telefon: 57643142
E-post: fmsfdal@fylkesmannen.no

Vår dato
11.03.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/941 -
Dykkar referanse

Årdal kommune
Pb 40
6881 Årdalstangen

Tilsyn ved Dalsurdi avfalls plass - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknadar* om forbetningspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Arne Kjos, Årdal kommune Rolf Vidar Bentås, Sunde Resirk	Frå miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen: Dagny K. U. Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerheitsdatatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input checked="" type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **2 avvik** frå ureiningsregelverket. Fylkesmannen ser alvorleg på at det enno ikkje er på plass rutinar for å krevje dokumentasjon på at avfallet oppfyller dei kriteria for avfallskvalitet som er tillate for deponering på Dalsurdi. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan 08.04.2014.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteke. Vedteke kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
Ass. fylkesmiljøvern sjef

Dagny K. U. Alvik
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kopi av rapporten vert sendt til: Sunde Resirk AS

1. Informasjon om verksemda:

Namn på anlegg: Dalsurdi avfalls plass Namn på verksemda: Årdal kommune	Organisasjonsnr.: 954 679 721
Stad og kommune: Årdal kommune	Kontrolldato: 19.02.2014
Postadresse: Pb 40	Løyvedato og internt nr.: 05.10.2010
Risikoklasse: 3	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen vart gjennomført for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert halde. Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **08.04.2014**. evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom verksemda innan tidsfristen ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er i sette verk, varslar Fylkesmannen med dette at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt. Storleiken på tvangsmulkta vil vere på kr. 10 000,-. Dersom mulkta forfell til betaling, vil det verte gjort nytt vedtak om mulkt. Ei eventuell tvangsmulkt vil verte vedteke med heimel i § 73 i ureiningslova. Varselet er gitt med heimel i § 16 i forvaltningslova.

4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemda er plassert i risikoklasse 3, jf. ureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll som varer inntil ein dag. Risikoklasse er fastset ved handsaming av utsleppssøknad, og er oppgjeve i utsleppsløyvet. Det vil seie at verksemda må betale kr. 12 000,- i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til vedtaket innan 3 veker vert faktura med innbetalingsblankett send frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeve, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt gebyr refundert.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Verksemda har mangelfull internkontroll

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, 2.ledd og utsleppsløyve datert 05.10.2010

Kommentarar:

Verksemda pliktar å etablere internkontroll som skal blant anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i utsleppsløyvet, ureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til disse lovene.

Prosedyrar og instruksar

Det var ikkje etablert prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald, kontroll og overvaking av deponiet i driftsfasen. Desse skal sikre at krava i avfallsforskrifta og utsleppsløyvet vert halde. Etter kontrollen er det blitt laga ein instruks for drift av deponiet som er sendt over. Ein bør også få med at det er krav til basiskarakterisering i denne instruksen.

Miljøriskovurdering

Verksemnda må lage ei miljøriskovurdering. Ei kartlegging skal omfatte alle risikoforhold ved verksemnda. Verksemnda må kjenne risikoen for ureining ved vanleg drift og ved alle arbeidsoperasjonar samt uønska hendingar som kan oppstå ved verksemnda.

Ut frå dette kan ein lage rutinar for å minske risikoen for utslepp og forureining, og lage beredskapsplanar for uønska hendingar. Døme på forhold som bør risikovurderast er sikring av deponi, mottak og kontroll av avfall, sjølvdeponeringa, lagring av masser, overvaking og kontroll av deponiet mm.

Som følgje av risikovurderinga må det lagast ein handlingsplan med risikoreduserande tiltak. Det er viktig at ein set opp kven som er ansvarleg for tiltaka, og når det skal vere gjennomført.

Avvik 2 Fleire krav i utsleppsløyvet er ikkje oppfylt

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 05.10.2010

Kommentarar:

Kommunen har deponert trevirke som ikkje er lovleg å deponere på deponiet

I den delen av deponiet der det vert deponert silgods frå avløpsreinseanlegga var det også registrert mykje treavfall. Det er forbod mot å deponere biologisk nedbrytbart avfall.

Den driftsansvarlege har mangelfull registrering og kontroll ved mottak av avfall

Når avfall vert motteke, skal det føreligge dokumentasjon på at avfallet oppfyller dei kriteria for avfallskvalitet som er tillate for deponering på Dalsurdi. Det er ikkje krevd basiskarakterisering av avfall som vert motteke til avfallsdeponiet. Dette gjeld særleg isolasjonsmaterialet som vert levert frå Hydro, og som står for ein vesentleg del av det som blir deponert. Dette vart også påpeika ved førre tilsyn i 2009, og det vart då sagt at dette skulle gjennomførast. Fylkesmannen ser alvorleg på at dette enno ikkje er på plass. Det er også viktig at ein i denne basiskarakteriseringa skiljer mellom dei ulike isolasjonsmateriala som vert levert.

I løyvet er det krav om at alt motteke avfall skal registrerast med opplysningar om mengde (vekt), eigenskapar, opphav, leveringsdato og avfallsprodusenten sin identitet. Alt avfall for deponering skal registrerast i samsvar med avfallsforskrifta § 9-12 og vere karakterisert i samsvar med vedlegg II til kap. 9 om avfallsdeponi i avfallsforskrifta. Verksemnda deler i dag kun inn i fraksjonane fiber ol, og reine massar. Avfall frå avløpsanlegget må også registrerast.

Prøvetaking og analyse av avfallet skal gjennomførast i samsvar med reglane i avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II, punkt 3. Verksemnda pliktar å føre ein stikkprøvekontroll utover dette der det ligg føre ein mistanke om at avfallet som ein ønskjer deponert kan innehalde farleg avfall eller anna avfall i strid med avfallsforskrifta kap. 9 og dette løyvet.

Avstenging av området

Uvedkommande skal ikkje ha tilgang til området. Veggen inn til deponiet er avstengd med bom, men er ikkje avstengd fysisk med gjerde. I løyvet er det krav om at avfallsplassen skal vere inngjerda med minst 2 m høgt stålflettegjerde der det kan vere tilkomst. Like ved deponiet er det ei motorcrossbane. I dag er det kun ein låg voll av flis som skilje. Under tilsynet var det laga opning i skjermvollen slik at det var fri tilgang inn til deponiet.

Kontroll og overvaking av deponiet

Det er krav i løyvet at det skal lagast ei oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse, og at verksemda skal ha eit overvaksingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i høve til vedlegg III i kap. 9 i avfallsforskrifta og SFTs veileder TA 2077/2005 (eller seinare utgåver). Overvakinga skal kunne avdekkje eventuelle sigevasslekkasjar eller endringar i vasstilførselen til deponiet.

Fylkesmannen er kjend med at deponiet i si tid vart etablert utan tanke på sigevasshandtering, og i liten grad med tanke på faren for grunnvatn i deponert avfall. Vi er også kjent med at det kan vere vanskeleg å finne utsleppspunkt som kan føre med seg ureina sigevatn eller å finne utsleppspunkt som kan dokumentere faktiske utslepp. Det er etter vårt syn likevel ved tidlegare høve peikt på ulike stader som bør sjekkast ut for å kunne dokumentere / eventuelt avkrefte at kan føre ureina vatn. Antatte sigevassmengder gjennom deponiet må målast/reknast ut i samsvar med krav i løyvet, for å kunne ha eit nærare talbegrep om mengd sigevatn ein kan vente frå deponiet. Dette er ikkje følgd opp.

Etter det vi oppfattar er det heller ikkje gjort noko arbeid for å kunne dokumentere nivå av grunnvatn under plassen, eller sannsynleggjort om grunnvatne i periodar kan eller kan ikkje nå opp i botnlag på faktisk eller avsett område for deponert avfall.

Omtale av, volumberekning og utvikling av deponiet skal vere ein ordinær del av rapporten som må utarbeidast (jf. døme på innhald i vedlegg 2 i løyvet) kvart år.

7. Andre tilhøve

Bruk av masser utanfor deponiet

Det kom fram under tilsynet at dei som driv Motorcrossbana hentar reine masser frå deponiet som dei nyttar til oppbygging av sine baner. Massane er næringsavfall, og dersom massane ikkje skal deponerast men nyttast til andre føremål må bruk avklarast med Miljødirektoratet, jf. § 32 i ureiningslova. Fylkesmannen ber om dokumentasjon på at dette vert teke opp med Miljødirektoratet.

Lagring av asfalt

Kommunen har eit eige lagerområde ved sida av deponiet. Det er mellom anna lagra asfalt som er tenkt å nyttast om igjen. Asfalten har vore lagra i fleire år. Dersom verksemda lagrar avfall i meir enn eit år før avfallet går til sluttbehandling, eller meir enn 3 år før det går til gjenvinning/ handsaming vert det å rekne som deponering av avfall. Ut i frå dei opplysningane vi har per i dag er det ikkje behov for løyve for denne lagringa, men kommunen bør ha ein plan for reduksjon av asfaltmassane.

Omlasting av oske frå avfallsforbrenningsanlegget

Tidlegare vart oske frå Geithus avfallsforbrenningsanlegg deponert på deponiet, men undersøkingar viste at oska ikkje var inert, og den vert no levert til anna, godkjent mottak. I dag vert oska omlasta på deponiet før levering. Lagring og omlasting av slikt avfall på grus/sand-dekke, vil etter vårt syn kunne føre til spreiiing av oske/ureining. Vi varslar med dette om at det vil kome krav etter ureiningslova om annan handtering av desse massane. Det kom fram under tilsynet at det er planar om å lage til ein bås med brukte betongelement der dette arbeidet kan gjerast. Vi vil vurdere med dette at ein bås med tett dekke og tre tette veggjar kan vere eit tiltak for å avgrense faren for ukontrollert spreiiing.